



Sogn og Fjordane fylkeskommune v/samferdsleavdelinga
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref:
17/2360-9

Dykkar ref.

Dato:
27.08.2019

Revidert søknad om forskotering av gang- og sykkelveg Loen - nytt kryss Solvik, Stryn kommune

Viser til tidlegare innsende søknader om forskotering av gang- og sykkelveg på strekninga Loen – Solvik, sist 21.02.2019, og dialog i etterkant med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vi vil med denne reviderte søknaden vidareføre hovudelementa i opphavleg søknad, utdjupe enkelte tema og område, og svare opp kommentarar gitt i brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 04.03.2019.

Stryn kommune søker med dette om løyve til forskotering av gang- og sykkelveg på strekninga Loen – nytt kryss Solvik, lengde 1058 meter med ein totalkostnad inklusiv mva på kr 32 mill.

Bakgrunn for søknaden

Bakgrunnen for søknaden er ei erkjenning av at trafikken på denne strekninga er sterkt aukande, og det er vanskeleg – eller tilnærma uforsvarleg – å ferdast langs Fv. 60 på denne strekninga til fots og/eller på sykkel. Bebuarane på Rake/Solvik er knytt til Loen sentrum i alle servicesamanhengar – både gjennom handel, skulegong, fritidsaktivitetar etc.. I tillegg har opninga av Loen Skylift ført til at trafikken av gåande og syklande har auka mykje på strekninga.

Området Rake/Solvik er eit av kommunen sine prioriterte område for etablering av attraktive og sentrumsnære bustadområde. I dette området er det ferdig regulert rundt 80 bu- einingar, men naudsynt infrastruktur som ny tilkomstveg og gang- og sykkelveg til Loen manglar. Etablert busetnad, planlagt ny busetnad, etablering av Loen Skylift og tilrettelegging av eit omfattande stinett mellom Hoven – Rake – Stryn sentrum, inneber at området Loen – Solvik – Rake har fått, og vil få, ein vesentleg høgare aktivitet. Ein gang- og sykkelveg frå Loen til Solvik vil ha utløysande effekt for ei betydeleg verdsskaping i dette området. I tillegg vil den gje ei trafikkisikker samankopling mellom turistanlegga og bustadområda i Loen, og rekreasjonsområda med utgangspunkt på Oppheim. Dette området har fått mykje betre tilgjenge som følgje av den nye skogsvegen/anleggsvegen frå Holme til Hoven, og på grunn av tilrettelegging av nye stiar og opprusting av eksisterande stiar i fjellområda mellom Stryn sentrum og Loen.

Prioritering av prosjektet i regional transportplan (RTP)

Vi er kjende med at den aktuelle gang- og sykkelvegstrekinga Loen –Rake ikkje er prioritert i investeringsprogram for RTP 2018 – 2021, men er med på marginallista for prioritering av ikkje oppstarta prosjekt. Vi tillèt oss likevel å søkje om løyve til forskotering av utbygginga

av parsellen Loen – nytt kryss i Solvik, som er første del av prosjektet «Ny gang- og sykkelveg Loen – Rake, ca. 2,0 km. Kommunen har i sak 101/17 – høyringsuttale til regional transportplan 2018 – 2027, prioritert dette prosjektet på 1. plass blant aktuelle gang- og sykkelveggar i kommunen.

Vi er kjende med fylkeskommunen sine reglar i samband med søknader om forskotering, men i denne saka bør det vere grunnlag for å fråvike desse – noko som krev at ei sak om det blir førebudd med slutthandsaming i fylkestinget.

Nærmare om søknaden

Total lengde gang- og sykkelveg frå plangrense v/ Gjølmunna til plangrense kryss Solvik er 1228 meter. Av dette er det ferdig bygt 170 meter som del av prosjektet Loen Skylift i samband med tilrettelegging av botnstasjonen ved Fv 60. Attståande ubygde strekning til planlagt nytt kryss Fv 60 /kommunal veg Solvik – Leitekvia er 1058 meter. Denne strekninga er regulert innafor følgjande godkjende reguleringsplanar:

- Detaljreguleringsplan Loen Vest – Solvik, 1026 meter - godkjent i kommunestyret 21.08.2019
- Detaljregulering Leitekvia – Solvik, 32 meter – godkjent 27.03.2018

Kostnadsoverslag og finansiering

Det er utarbeidd detaljert kostnadsoverslag for prosjektet som syner ein totalkostnad på 25,6 mill. kr eks mva. inkl. grunninnløyising. Byggekostnad eksklusiv grunninnløyising er 31,25 mill., inkl. mva. Kostnadsoverslaget er utarbeidd av Nordplan i samsvar med gjeldande standar og krav til gang- og sykkelveggar, inkludert uvisse på + 10 %.

Det er avsett 25 mill. + mva, totalt 31,25 mill. i økonomiplanen 2019 - 2022. Eventuelle overskridingar i prosjektet vil bli lagt fram for kommunestyret med tilråding om tilleggsfinansiering. Kostnaden med dette vil bli innarbeidd i budsjett og økonomiplan for 2020 – 2023.

Stryn kommune svarar rente for heile lånet frå det tidspunkt lånet vert oppteke. Stryn kommune legg til grunn at refusjon av forskoteringa frå fylkeskommunen skjer innan fire år rekna frå kontraktsgjening. Vilkår elles vil vere i samsvar med vedtekte retningslinjer for forskotering på fylkesveg, vedteke av fylkestinget i sak 10/569/10. Vi legg til grunn at drift og vedlikehald blir overteke av fylkeskommunen ved overtakingsforretning.

Gjennomføring

Gangveg Loen Solvik og ny veg med fortau Solvik – Leitekvia er planlagt gjennomført som eit prosjekt, over to år. I anbudsutlysinga og vidare oppfølging vil prosjekta bli organisert slik at kostnaden med prosjekta blir tydeleg fråskilde. Vi legg elles opp til ein tett dialog med vegeigar, mellom anna ved at fylkeskommunen blir invitert til å delta på byggemøta etc.

Det er avsett 30 mill. i økonomiplanen 2021 og 2022 til ny veg Solvik - Leitekvia, totalt til begge prosjekta 55 mill. + mva, i perioden 2020 - 2022. Kommunen vil ta ansvar for alle delar av gjennomføringa av prosjektet, som detaljprosjektering, anbudsprosess, grunninnløyising, prosjektleiing etc. Vi legg til grunn at Prosjektet vil bli gjennomført i nært samarbeid med Statens vegvesen/ Vestland fylke.

Oppsummering

Vi håper fylkeskommunen vurderer utfordringane på den aktuelle vegstrekninga som like alvorlege og utfordrande som vi gjer det lokalt. Nye vegsamband og utbetra vegsamband dei seinare åra har forsterka utfordringane knytt til tryggleiken for dei mjuke trafikantane på denne strekninga. Dette er ei utvikling som etter alt døme vil forsterke seg ytterlegare i åra som kjem.

Vi ser fram til ei positiv handsaming av denne søknaden.

Helsing
Stryn kommune, Avdeling plan og næring

Rune Hovde
rådmann

Geirmund Dvergsdal
plan- og nærings sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/ samferdsleavdelinga
Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/samferdsleavdelinga

Vedlegg:

Føresegner	1431351	27.08.2019
Møtebok	1431352	27.08.2019
Planomtale	1431353	27.08.2019
Loen Skylift - Kart stiar 2015-	1431354	27.08.2019
Kalkyle GS-veg Loen Vest_Solvik Rev A 030719	1431355	27.08.2019